



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	26.02.2015
<b>Tid:</b>	14:30 – 15:20

---

**Medlemer som møtte:**

Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

---

**Forfall:**

Camilla Storøy Hermansen	MEDL	KRF
Per Kristian Furø	MEDL	AP

---

**Varamedlemer som møtte:**

Ole Brubakk	Camilla Storøy Hermansen	KRF
Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V

---

**Andre:** Rådmann Olaus Jon Kopperstad      Sekretær Brit Berge

Møtet var annonser i Vestlandsnytt.

Innkalling var sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene.  
Det møtte 7 medlemer og 2 varamedlem, fulltallig.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:  
Margaret Leinebø og Henry Jøsokbakke.

Uttale frå næringsorganisasjonane i Herøy til Fiskeridirektoratet vedk. nedlegging av fiskerkontoret  
i Fosnavåg vart delt ut i møte. Den vert og lagt fram for kommunestyret.

---

underskrifter

Margaret Leinebø

Arnulf Goksøyr

Henry Jøsokbakke

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 30/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 31/15	Protokoll frå førra møte
PS 32/15	Årsplan 2015
PS 33/15	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Søknad om utvida lånegaranti.

## **PS 30/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste..

## **PS 31/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 32/15 ÅRSPLAN 2015**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

### **Tilråding i Formannskapet - 26.02.2015**

1. Kommunestyret vil understreke at hovudutfordringa i 2015 er å skape samsvar mellom dei kommunale inntektene og utgiftene, men at kommunen likevel må prioritere å legge til rette for busetjing og næringsetablering.
2. Kommunestyret godkjener det reviderte årshjulet slik det går fram av vedlegget og ber om at budsjettundskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mars.
3. I samsvar med det reviderte årshjulet ber kommunestyret om at det i løpet av 1. halvår 2015 vert lagt fram eit framlegg til prioritering av bygge- og anleggsprosjekt og prioritering av prosjekt i forhold til fylkeskommunale og statlege etatar i økonomiplanperioden fram til 2020.
4. Kommunestyret ber vidare om at det vert lagt fram saker om omdisponering av løvvde midlar grunnkjøp til infrastruktur i samsvar med saksutgreiinga.
5. Kommunestyret sluttar seg til at det vert sett i gang vurdering av organisatoriske endringar i samsvar slik at det går fram av saksutgreiinga.
6. Kommunestyret er klar over at personalsituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon.

## **PS 33/15 SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS. SØKNAD OM UTVIDA LÅNEGARANTI.**

**K-sak 21/15 – Sunnmørsbadet Fosnavåg AS – søknad om utvida lånegaranti.**

### **Møtebehandling:**

Arnulf Goksøyre reiste habilitetsspørsmål. Han er tidlegare styreleiar i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Han går frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyre vart samråystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, 2. ledd.

Ann Kathrin (Tine) Storøy reiste habilitetsspørsmål. Ho er varamedlem i styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Ann Kathrin (Tine) Storøy vart samråystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav e.

Richard Gjerde og Idar Tarberg møtte som varamedlemer i saka.

Varaordførar Tor Sindre Steinsvik leia møtet under handsaming av saka.

Rådmannen kom med framlegg om slikt nytt pkt. i tilrådinga:

Herøy kommune sikrar si garantistilling med ein pantobligasjon pålydande NOK 71.500.000.- med pant i gnr. 29 bnr. 350 i Herøy.

### **Tilråding i Formannskapet - 26.02.2015**

1. Herøy Kommune vedtek å auke den kommunale lånegarantien til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS med inntil 20,0 mill kr + 10% slik at den totalt utgjer 65,0 mill kr + 10% (71,5 mill kr) som simpel kausjon eller sjølvskuldmarkausjon i samband med bygging/sluttfinansiering av byggeprosjektet.
2. Herøy kommune sikrar si garantistilling med ein pantobligasjon pålydande NOK 71.500.000.- med pant i gnr. 29 bnr. 350 i Herøy.
3. Herøy kommune godkjenner lånevilkåra slik dei går fram av lånetilbod dagsett 28.01.15 frå Kommunalbanken AS.
4. Dersom det viser seg at låneopptaket vert større enn det reelle behovet skal differansen innbetalast som eit ekstraordinært avdrag.
5. Herøy kommune ber styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS om å finne løysingar som gjer at den langsiktige gjelda vert redusert ned mot 45,0 mill kr.

**MØTET SLUTT!**